


Stor utfart til Nåso.

14.04.2018



Strålende dag på Ulvanåso!

I det fantastiske vårveret i dag har det vore stor utfart i dei flotte fjella våre. Til eit av dei mest populære Kvinnheradsfjella, Ulvanåso, har det vore svært stor utfart slik det pleier vera på slike fine vårdagar. Berre frå Uskedalsida har i alle fall godt over 50 tatt denne vakre turen i dag.



Det var framleis 15 bilar ved Kalkestasjonen utpå ettermiddagen.

Ein leesar hadde fulgt straumen av fjellfolk nede frå dalen, og han kunne fortelja at han i alle fall hadde talt til 45-50 som hadde gått frå Uskedalen. Det var to større følgje på 10-12 medan resten gjekk i mindre grupper på opp til 4. Nokre av dei måtte ha starta tidleg, for dei var tidleg til topps. Truleg er også nokre deltakarar på Rosendal Toppturfestival som går av stabelen denne helga.

Då underteikna var på ettermiddagstur til kalkestasjonen, var dei første allereie komne ned, men det var likevel så godt som fullt av bilar som var parkert på plassen der, og i vegkanten. På det tidspunktet var det 15 bilar att oppe ved kalkestasjonen. Det var også parkert 3-4 bilar på øvre Døssland der dei pleier å parkera når dei går til Ulvanåso den vegen.

Heilt sikkert er det at dei har hatt ein aldeles strålande dag!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland